



MILJØ-  
DIREKTORATET

M-1729 | 2020

# Allemandsretten





Foto: Bård Bredesen, Naturarkivet.no

## Allemannsretten

Ein viktig del av kulturarven vår er å vere ute i naturen. Vi har frå gammalt av hatt rett til å ferdast i skog og mark, etter elvane, på innsjøar, i skjergarden og til fjells – uavhengig av kven som eig grunnen. Vi kan hauste av naturen – ikkje berre saltvassfisk, bær, sopp og blomstrar, men òg inntrykk og opplevingar.

Hovudprinsippa i allemannsretten er lovfesta i friluftslova av 1957. Allemannsretten gir ikkje berre rettar, det følgjer òg plikter med. Når du nyttar allemannsretten, skal du te deg omsynsfullt og varsamt.

For å vite kva rettar allemannsretten gir deg, er det viktig å forstå forskjellen på innmark og utmark. Enkelt forklart er innmark område som gardsplass,

hustomt, hage, industriareal, dyrka mark og liknande areal der allmenn ferdsel vil vere til bry for eigaren av grunnen. Utmark er alt som ikkje er innmark, og omfattar det meste av skog, fjell, myr og strand.

### Allemannsretten gjeld i utmark. Der kan du

- ferdast fritt til fots og på ski
- raste og overnatte
- ri eller sykle på stiar og vegar
- bade, padle, ro og bruke seglbåt
- plukke bær, sopp og blomstrar
- fiske fritt etter saltvassfisk

### Med fjellsko og ski ...

... kan du ferdast fritt i utmark, sommar som vinter, anten det er på sti/veg, i oppkøyrd skiløyper, eller om du vil finne din eigen veg. Om vinteren kan du òg ferdast på frozen eller snødekt åker og eng. Du kan ferdast på sti og veg i innmark heile året, men hugs å halde avstand frå gardstun, hus og hytter.

Har du med hund, må du respektere bandtvangen i tidsrommet 1. april til og med 20. august.

I utmark kan du stoppe og raste der du vil, men ikkje legg rasten inntil hus og hytter der det bur folk, og sorg elles for å ta nødvendig omsyn til andre som rastar.

Du kan tenne bål, men ikkje i skog eller anna utmark i tidsrommet 15. april til 15. september. Du kan likevel tenne bål når det openbert ikkje medfører brannfare.

### Viss du ferdast og rastar i utmark, må du hugse

- å respektere ferdselsreglar i frilufts- og naturvernområde
- at somme stader er det utvida bandtvang og sett grenser for tilgjenget til å tenne bål, så set deg inn i lokale føresegner
- å bruke etablerte raste- og teltplassar der dette er mogleg
- å vere forsiktig med eld og sløkkje bålet heilt før du forlèt det
- å ikkje skade tre når du skal finne ved til bålet – bruk tørre kvister som du finn på bakken
- at du ikkje må leggje bållassen rett på svaberget slik at berget sprekk
- å ikkje ta snarvegar over innmark, gjennom tun eller i nærliken av hus og hytter der det bur folk
- å ikkje forstyrre dyre- og fuglelivet, spesielt ikkje i yngle- og hekketida
- å ikkje skade planteliv, særleg ikkje trua og sårbare artar
- å ikkje forstyrre husdyr på beite og å lukke grinder etter deg
- å respektere at andre brukarar kan ha behov for avstand og å ha det stille rundt seg

## Med sykkel ...

... kan du sykle etter vegar og stiar i utmark i låglandet og fritt i høgfjellet. Du kan òg sykle på vegar og tilrettelagde stiar gjennom innmark for å komme til utmark, men dette gjeld ikkje organisert ferdsel, for eksempel sykkeløp.

Du kan sykle med elsykkel dei same plassane som du kan sykle med vanleg sykkel, så lenge



Foto: Bente Rønning/Miljødirektoratet

grunneigaren ikkje uttrykkjeleg har forbode bruken av elsykkel.

I somme markaområde, friluftsområde og naturvern-område kan det vere forbode å sykle, eller området kan ha spesielle reglar for sykling og bruk av elsykkel. Du bør derfor undersøkje om det er forbodsområde eller spesielt tilrettelagde sykkelruter.

### Viss du syklar i utmark, må du hugse

- at høgfjellsnaturen er spesielt utsett for terrenghitasje, og at du ikkje må sykle i sårbart terren (myr, tørrberg m.m.)
- at ikkje alle stiar er eigna for sykling – bruk robuste stiar som toler sykling
- å sykle slik at du ikkje forstyrrar vilt og husdyr
- å sykle med ein fart som er tilpassa turferdsel og ikkje forstyrrar dei som går
- å leggje sykkelturen til dei minst brukte turstiane for å unngå konfliktar med turgåarar
- å bruke etablerte raste- og teltplassar der dette er mogleg
- å vere forsiktig med eld og sløkkje bålet heilt før du forlèt det



Foto: Sigve Reiso, Naturarkivet.no

## Med hest ...

... kan du ferdast etter vegar og stiar i utmark i låglandet og fritt i høgfjellet.

Du kan også ri på vegar og tilrettelagde stiar gjennom innmark for å komme til utmark, men dette gjeld ikke organisert ferdsel, for eksempel rideskoleaktivitet.

Hugs at vegen, stien eller terrenget du rir i, skal kunne tolke slik bruk. I somme markaområde, friluftsområde og naturvernområde kan det være forbode å ri, eller området kan ha spesielle reglar for riding. Du bør derfor undersøke om det er forbodsområde eller spesielt tilrettelagde ridestiar og -vegar der du skal ferdast med hest.

Omfattande organisert bruk av utmark i samband med rideskolar o.l. bør berre skje etter avtale med grunneigaren. Ver øg klar over at grunneigaren kan nekte ferdsel med hestekøyretøy på privat veg.

### Viss du rir i utmark, må du hugse

- at høgfjellsnaturen er spesielt utsett for terrenslitasje, og at du ikke må ri i sårbart terren (myr, tørrberg m.m.)
- at det ikke er alle stiar som er eigna for riding, så bruk vegar og robuste stiar som toler riding
- å unngå å ri i skiløyper og løypespor på skogsvegar om vinteren
- å ikke forstyrre dyre- og fugleliv, spesielt er dette viktig i yngle- og hekketida
- å ri roleg når du passerer turgårar
- å ta omsyn til gåande og syklande, slik at ingen blir skremde eller skadde
- å ikke bade hesten på badeplassar og i drikkevasskjelder
- å bruke etablerte raste- og teltplassar der dette er mogleg
- å vere forsiktig med eld og sløkkje bålet heilt før du forlæt det

## Med telt og hengekøye ...

... kan du fritt overnatte på same staden i utmark i inntil to døgn i låglandet. På høgfjellet og langt fra busette område kan du telte i meir enn to døgn.

Om ikke anna kjem fram av forskrift, skal du aldri setje opp teltet nærmare enn 150 m frå hus eller hytter der det bur folk, og du må passe på at du set opp teltet slik at det ikke skader ungskogen.

På innmark kan du ikke setje opp telt utan løyve frå grunneigaren.

Du kan tenne bål, men ikkje i skog eller anna utmark i tidsrommet 15. april til 15. september.

Du kan likevel tenne bål når det openbert ikkje medfører brannfare.

I somme markaområde, friluftsområde og naturvernområde kan det vere forbode å telte, eller området kan ha spesielle reglar for telting. Du bør derfor undersøkje om det er forbodsområde eller andre spesielle reglar der du skal telte.



Foto: Kim Abel, Naturarkivet.no

#### Viss du set opp telt i utmark, må du hugse

- å bruke etablerte raste- og teltplassar der dette er mogleg
- å vere forsiktig med eld og sløkkje bålet heilt før du forlèt det
- å ikkje skade tre når du skal finne ved til bålet – bruk tørre kvister som du finn på bakken
- at du ikkje må leggje bålpllassen rett på svaberget slik at berget sprekk
- å leggje teltplassen slik at du ikkje forstyrrar dyre- og fugleliv, særleg i yngle- og hekketida
- å ikkje lage varige spor i vegetasjonen eller terrenget
- å ikkje forstyrre husdyr på beite
- å respektere at andre brukarar kan ha behov for avstand til nabotelt og å ha det stille rundt seg

#### Med årer og segl ...

... kan du ferdast fritt på sjøen, på innsjøar og i elvar – og du kan i hovudsak ferdast gratis etter alle vassdrag. For enkelte vassdrag med kanalar og sluser kan det vere unnatak. Du kan ferdast med motorbåt på sjøen, på elvestrekningar viss det er ein del av eit farbart vassdrag, og i vatn som er større enn 2 km<sup>2</sup>.

For ein kortare tidsperiode kan du dra i land båt eller anna fartøy på strandstrekningar i utmark. Ønskjer du å leggje inntil ei privat kai eller bryggje, må du spørje eigaren eller brukaren om løyve. Du kan bruke fortøyingsringar, boltar o.l. i utmark for ein kortare tidsperiode så sant det ikkje er til vesentleg ulempe for eigaren eller brukaren.



Foto: Kim Abel, Naturarkivet.no

Undersøk om det er lokale reglar eller forbod frå grunneigarar som forbyr eller set grenser for tilgjengenget til motorisert ferdsel i innsjøar og vassdrag, før du legg ut på tur.

**Viss du bruker båt, kajakk eller kano, må du hugse**

- å gjere deg godt kjent med vassdraget med omsyn til tryggleiken
- å alltid bruke redningsvest
- å tørke båt, årer og støvlar før du flyttar til eit anna vassdrag, for å unngå spreiing av levande organismar og eventuell fiskekjukdom

- å desinfisere fiskereiskapar, båt, årer og støvlar som er brukte i vassdrag med smittsam fiskekjukdom
- å ikkje forstyrre dyre- og fugleliv, spesielt ikkje i yngle- og hekketida
- å ta omsyn til fiskarar og andre brukarar langs vatn og vassdrag
- å la fiskegarn og andre fangstreiskapar som blir brukte av andre til fiske, få stå i fred
- å ferdast roleg utan å lage unødig støy
- å bruke etablerte raste- og teltplassar der dette er mogleg
- å vere forsiktig med eld og sløkkje bålet heilt før du forlèt det




Foto: Kristin Sundal

# Med stong eller handsnøre ...

... kan du fiske etter saltvassfisk heile året – både fra båt og land. Du kan også fiske gratis i sjøen etter laks, sjøaure og sjørøye med stong fra land heile året, men det kan vere lokale reglar som set grenser for fiske. Fisket er ikkje tillate nærmare grensa elv/sjø (elvemunningen) enn 100 meter i fredingstida for vassdraget.

Når du skal fiske etter laks, sjøaure og sjørøye i elvar og vassdrag, må du betale fiskeavgift til staten og vanlegvis betale fiskekort til grunneigaren. Er du under 16 år, kan du fiske gratis mellom 1. januar og 20. august i vassdrag der det ikkje finst laks, sjøaure og sjørøye. Du kan ikkje gratis drive med krepsefangst eller fiske i kunstige fiskedammar. Enkelte vatn og vassdrag kan likevel vere unntakne regelen, og for desse skal det vere sett opp skilt om at gratis fiske ikkje gjeld. Før du begynner å fiske, må du setje deg inn i fiskereglane for vatn og vassdrag.

I Oslofjorden er det forbode å fiske torsk. Viss du likevel skulle få torsk når du fiskar, må du ta han forsiktig av kroken og sleppe han tilbake i sjøen. For enkelte gytteområde frå Lindesnes langs Skagerrakkysten, i Oslofjorden og til grensa mot Sverige er det forbod mot alt fiske frå og med 1. januar til og med 30. april.

## Viss du fiskar i utmark, må du hugse

- løyre til å fiske eller legitimasjon som viser at du er under 16 år
- å ikkje bruke levande fisk som agn
- å ikkje flytte levande fisk til anna vassdrag
- å tørke fiskereiskapar, støvlar og vadalar før du flyttar til eit anna vatn, for å unngå spreiling av levande organismar og eventuell fiskesjukdom
- å desinfisere fiskereiskapar som er brukte i vassdrag med smittsam fiskesjukdom
- å sløye og vaske fisken i det vatnet han er fanga
- å ikkje forstyrre andre fiskarar eller brukarar
- å bruke etablerte raste- og teltplassar der dette er mogleg
- å vere forsiktig med eld og sløkkje bålet heilt før du forlèt det



Foto: Elisabeth Sæthre

# Med spann og korg ...

... kan du plukke bær, sopp, blomstrar og røter av ville urter i utmark. Du kan plukke/sanke det du vil ha, og ta det med deg heim.

Ver forsiktig med å samle større mengder av andre typar naturprodukt som stein, mineral, torv, mose og lav. Du må spørje grunneigaren viss du ønskjer å samle kristtorn, rirkuler, tæger, never og bork.

Ver klar over at det er spesielle reglar for å plukke molter i Nordland, Troms og Finnmark. Her kan eigaren eller brukaren leggje ned forbod mot plukking. Sjølv om det er forbod mot plukking, kan allmenta alltid plukke molter når dei blir etne på staden. På finnmarkseigedommar kan alle plukke molter til eige bruk, men berre dei som bur i Finnmark, kan plukke for sal.

## Viss du er på sanketur i utmarka, må du hugse

- å gjere deg kjent med vernereglane på førehand dersom du ferdast innanfor eit naturvern-område (enkelte område kan ha forbod mot å plukke blomstrar, sopp, kjuke og lav)
- å ikkje plukke bær heilt inntil gardstun og hus der det bur folk
- å gjere deg kjent med freda og trua planteartar, slik at du ikkje plukkar desse
- å ikkje forstyrre vilt eller husdyr
- å ta omsyn til andre brukarar/sankarar
- å bruke etablerte raste- og teltplassar der dette er mogleg
- å vere forsiktig med eld og sløkkje bålet heilt før du forlèt det



Foto: Kim Abel, Naturarkivet.no

For meir informasjon:  
[www.miljodirektoratet.no](http://www.miljodirektoratet.no)  
[www.norskfrilufsliv.no](http://www.norskfrilufsliv.no)

## **Miljødirektoratet**

**Telefon:** 73 58 05 00 | **Faks:** 73 58 05 01

**E-post:** post@miljodir.no

**Nett:** www.miljødirektoratet.no

**Post:** Postboks 5672 Torgarden, 7485 Trondheim

**Besøksadresse Trondheim:** Brattørkaia 15, 7010 Trondheim

**Besøksadresse Oslo:** Grensesvingen 7, 0661 Oslo

Miljødirektoratet jobbar for eit reint og rikt miljø. Hovudoppgåvane våre er å redusere klimagassutslepp, forvalte norsk natur og hindre forureining.

Vi er eit statleg forvaltningsorgan underlagt Klima- og miljødepartementet og har meir enn 700 tilsette ved dei to kontora våre i Trondheim og Oslo og ved Statens naturoppsyn (SNO) sine meir enn 60 lokalkontor.

Vi gjennomfører og gir råd om utvikling av klima- og miljøpolitikken. Vi er fagleg uavhengige. Det inneber at vi opptrer sjølvstendig i enkeltasaker vi avgjer, når vi formidlar kunnskap eller gir råd. Samtidig er vi underlagt politisk styring. Våre viktigaste funksjonar er at vi skaffar og formidlar miljøinformasjon, utøver og iverkset forvaltningsstyresmakt, styrer og rettleier regionalt og kommunalt nivå, gir faglege råd og deltek i internasjonalt miljøarbeid.

